

Produkt manual

Midgeater Plus



Innholdsliste:

- 1 Sikkerheit**
- 2 Operasjonsinstruks**
- 3 Feilsøking**
- 4 Reingjering**
- 5 Vinterlagring**
- 6 Driftserfaringar**



1. Sikkerheit

- Midgeater Plus er designa for utandørs bruk.
- Maskina skal berre brukast til insektfangning.
- Ved ein nødsituasjon eller ved lukt av gass skal maskina stoppast ved å stenge flaskeventilen.
- Reparer eventuell gasslekkasje før vidare bruk.
- Bruk berre spesifisert gass.
- Ved eventuell bytte av gasslange, skal berre godkjent type brukast.


2. Operasjon instruksjon

Oppstart

- Maskina pakkast ut og plasserast på eigna stad.
- Ta ut proppen og sett inn octenolposen i luktstoffrøret, med den kvite sida ut. Sett proppen tilbake.



- Opne luka til fangstkammeret. Denne har ein opningsmekanisme som vippast ut og vris 90 grader. Tre fangstposen over inntaksrøret, slik at strikken er på utsida av røret. Steng luka.



- Sett så gassventilen på flaska. Det må brukast litt kraft for å få den i låst posisjon.
- Opne hendelen på toppen av gassventilen, slik at flammesymbolet viser.
- Opne den store døra og sett gassflasken inn i maskina.
- Trykk inn det svarte sikkerheitsgassventilen på sida av maskina i ca 10-15 sekund. Gass vil no strøme inn i brennaren.



- Trykk så på den røde tenningsknappen, med den svarte knappen inne. Det vil no komme ein tikkande lyd frå tennaren.

Ved tenning vil ein høre eit lite puff.


- Den svarte ventilen må holdast inne i ca. 90 sekunder eller til voltmeteret så vidt har kome på grønt. Den svarte sikkerheitsgassventilen kan no sleppast.



- Når den katalytiske brennaren er varm nok, produserast det nok spenning til at viftene startar. Det tar ca. 10-15 min. før maskina har nådd optimal effekt.

3. Feilsøking


Oversikt over komponentar



Maskinen startar ikkje:

- Sjekk først at gassventilen er riktig montert på flaska og at den står i open posisjon.
- Sjekk at det er gass på flaska.
- Trykk så inn den røde startknappen, og ein tikkande lyd skal høyrast. Viss ikkje, skru opp den røde startknappholdaren og skift batteri av type AA. Får ein framleis ikkje tikkande lyd, må ein opne vedlikehaldsluka. Dette gjer du ved å skru ut fire skruer med ein Phillip type skrutrekkar. Løft luka forsiktig av og la den henge etter leidningane. Sjekk så at leidningen til tennaren er på plass. Er det framleis ikkje lyd i tennaren, ta kontakt med leverandør.
- Er tennaren i orden sjekkast så brennaren for tilstopping. Dette kan skje ved store mengder insekt, eller at edderkopp kjem seg inn når maskina ikkje er i drift.

- Bruk ein aerosol sprayboks og blås som vist på teikning/bilete, eller bruk ein blåsepistol og blås på skrå oppover inn hulla til inntakslufta til brennaren.



- Vedlikehaldsluka monterast og ein prøver å start maskina igjen.

Er ikkje dette vellykka, ta kontakt med leverandør.

Sluttar voltmeteret å virke, men maskinen går, kan framleis maskinen køyrast. Ta kontakt med leverandør, for å få denne bytta.

Sluttar maskina å virke når den oppnår driftstemperatur, kan det vere feil på bimetallelementet på brennaren. Denne brytaren skal stenge gassen ved overoppheting.

Ta kontakt med leverandør.

4. Reingjering


Det er viktig å reingjere maskina etter sesongen før lagring. Dette bør også vurderast i sesongen, viss der er store mengder insekt.

- Ta ut fangstposen.
- Reingjer fangstkammer med støvsuger og ein våt fille.
- Skru opp vedlikehaldsluka med ein Phillip skrutrekkar. Løft luka forsiktig til side.
- Blås opp brennaren, og etterpå støvsuge og tørk med ei fille der det er mogeleg å komme til.
- Monter vedlikehaldsluka.

5. Installering av lagringssett

Vi tilrår at ein brukar eit lagringssett når maskina skal lagrast etter bruk.

- Vedlikehaldsluka opnast
- Korken monterast i eksosutløpet frå brennaren
- Velcrotape monterast rundt luftinntaket på brennaren
- Monter vedlikehaldsluka
- Lagre maskina på ein tørr stad



Husk å fjerne lagringssett før oppstart.

6. Driftserfaringar

Driftserfaringane er basert på sommarsesongen 2005 i Norge, og i hovudsak på sviknott. Det vart også utført ein mindre test på mygg.

På "Tusenårsstaden Gulatinget" vart det plassert ut totalt 15 feller, av desse var seks Midge-it. Utover det vart det selt feller privat. Det har ikkje oppstått teknisk feil ved nokon feller. To feller av type Midgeater hadde tilstopping av brennar, og desse måtte blåsast opp. To feller i privat eige hadde driftstans pga at gassventilen ikkje var satt korrekt på flaska. Her må ein bruke noko kraft, for å få ventilen på plass.

Målet med Gulatingprosjektet var (og er) å redusere plaga av sviknott. Dette vart kjørt som eit forskingsprosjekt sommaren 2005.

Flaskene som vart kjøpt inn, var av kompositttypen med 10 kg innhald. Her kan ein sjå propannivået, og storleiken er passelig.

På Gulatinget var det viktig å halde fellene i drift kontinuerlig, og ha god logistikk. Ved første gongs bytte av flasker, gjekk den første tom etter 21 dagar. Vi bytta då alle flaskene. Seinare bytta vi alle flaskene samtidig kvar 20 dag. Dette for å unngå driftstans, og at vi måtte bruke tid på oppstart av maskinene. I praksis tok vi med nye flasker ut til fellene, løftet gassventilen av den brukte flasken og rett på den nye. Fellene brann då kontinuerlig, og vi slapp ny oppstart. Brukte flasker vart returnert. Octenolposae bytte vi samtidig.

På Gulatinget vart fangstposane skifta til faste dagar, to gangar i veka. Dette grunna prosjektet som skulle ha fangstmengda i kvar felle oversendt til dr. Alison Blackwell i Skottland.

Når posane skal byttast er det viktig å bruke tauet som er sydd inn i posen, tre rundt, og sette knute på. Vi har lagt posane direkte i plastpose og vidare i frysaren over natta. Etter å ha tømmt ut knotten ble posane vaska. Til privat bruk er det normalt ikkje nødvendig å vaske posane kvar gang. Viktig å merke seg at posar som blir liggande med insekt/insektrestar i, vil lukte etter få dagar.

For å få full utnytting av fella, er plassering viktig. Ein bør prøve å finne den framherskande vindretningen, når insekta er aktive. Restriksjonar som bygningar, busker og terreng kan føre til at CO₂/octanolgassen ikkje dekker så stort område som optimalt.

Skal ein inn å sjå på att fella fangar, er det lurt å gå inn mot trekken, så blir ikkje insekta på veg inn i fella så forstyrta. Vi har også nytta heildekkande drakt, da det er store mengder insekt som samlast, på veg inn i fella.

Skal fellene transporterast eller lagrast, steng gassventilen og ta av flaska. Fella vil så brenne seg tom for gass. Fella må så stå og kjøle seg ned før ein pakkar den ned.





Tusenårsstaden Gulatinget sommaren 2005



Produsent **TEXOL** 

Texol Products Ltd
Myrekirk Road, Dundee
DD2 45X
Skottland

Importør Norge
Toril Rysjedal Bygnes
6953 Leirvik i Sogn

Mobil 91 15 45 92/95 08 70 66

E-post - knottfeller@midgeater.no

Eller finn meir informasjon på
www.midgeater.no

